



Medlemmer av SU/SMU

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/2783 - 19/24285

Saksbehandlar:

Magne Lædre

magne.laedre@meland.kommune.no

25.11.2019

Referat SU/SMU møte 19.11.19

Referat frå møte i skulemiljøutvalet 19.11.2019

15/19 Val av Leiar, nestleiar og sekretær

Leiar: Silje Garlid

Nestleiar: Anita Viketun Bertelsen

Referent: Magne Lædre

16/19 Godkjenning av innkalling og sakliste.

Godkjent utan merknader

17/19 Kva er skulemiljøutvalet sitt mandat? – informasjon

Rektor informerte kort om oppgåva til medlemmene i Skulemiljøutvalet, og kva mandat utvalet har.

Les meir her: <https://www.fug.no/skulemiljoeutvalg-smu.462839.no.html>

18/19 Informasjon om skulen sitt arbeid med tiltaksplanar etter §9a.

Det er skuleåret 2019/2020 så langt laga 7 aktivitetsplanar for å sikre elevar retten til eit trygt og godt skulemiljø. 5 av planane er avslutta, og 2 planar er framleis aktive.

Rektor har og informert om toalettutfordringar. Det er ei utfordring at elevtoaletta ofte blir tilgrisa.

Elevrådet jobber med denne saka.

19/19 Trafikkaksjon – vegen vidare? – til drøfting

Kan vi engasjere elevene meir i trafikksituasjonen? Har dei påvirkningskraft på føresette? Gå-til-skulen aksjon om hausten? Eigne drop-soner? Tema på foreldremøte? Viktig at det blir tatt på 1, klasseforeldremøte. Meir synleg politi? Spreie tidsrom for levering? Plukkposen?

Mange gode tiltak på <https://www.vegvesen.no/fag/fokusomrader/miljoennlig+transport/barn-og-ungdom/tiltak>

Meldast inn til elevrådet for å komme med tanker om korleis dei kan bidra med dette.

20/19 SMS heim til føresette ved merknad på eleven? – til drøfting

FAU er positiv til dette. Vi fører merknader i orden og adferd på dei eldste elevane. På dei yngste har vi praksis som i dag.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Vi tester ut dette for resten av skuleåret. Rektor lager infoskriv. Bør og stå på heimesida og på lekseplan.

21/19 Eventuelt.

Ingen saker

Referat frå møte i Samarbeidsutvalet 19.11.2019

13/19 Val av Leiar, nestleiar og sekretær

Leiar: Silje Garlid

Nestleiar: Anita Viketun Bertelsen

Referent: Magne Lædre

14/19 Godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjent utan merknader

15/19 Kva er mandatet til SU? – informasjon

Rektor informerte kort om oppgåva til medlemmene i Samarbeidsutvalet, og kva mandat utvalet har.

Les meir her: <https://www.fug.no/samarbeidsutvalg-su-driftsstyre-ds.462837.no.html>

16/19 Orientering frå rektor

- Spørsmål frå FAU
 - Ukeprøver og nasjonale prøver – ukeprøver praktiserast i varierende grad på Sagstad skule. Nokre lærarar nyttar dei, andre ikkje. For dei som nyttar ukeprøver kan det være eit nyttig verktøy for å sjå om ein over tid får til tilpassa opplæring og at elevane har nådd dei måla ein jobbar mot. Om ein har elevar som over tid ikkje meistrar vekeprøvane, må lærar sjå på si eiga praksis og eventuelt endre den for å få med alle elevane. Skulen nyttar ein del tid på å øve på prøveformen på nasjonale prøvar. Dette for å sikre at vi måler kompetansen til elevane i rekning, lesing og engelsk, og ikkje om dei meistrar prøveformen.
 - Friminutt for 1. klasse – 1. trinn har friminutt litt etter behov og på litt andre tider enn resten av skulen. Kontaktlærar er ute med elevane fram til haustferien.
 - Bussvakt/trafikkvakt – dette er utfordrande. Skulen er ikkje villig til å ha vaktar som skal «overstyre» trafikkreglane i fotgjengerovergangen.
 - Handicapparkering – det er bestilt oppmerking til handicapparkering.

17/19 Møteplan – til drøfting

Det e sett opp møte på desse datoane: 23. januar, 19. mars, 7. mai

18/19 Kva for saker skal SU jobbe med skuleåret 2019/2020

Ønske om at 1. klasse kan være ein dag i veka med 5. klasse som dei er fadder for.

Uteskule – sjå i samanheng med nye læreplanar og eventuelt leggje det inn i skulen sitt årshjul

Korleis jobber skulen med differensiering for ulike elevar??

19/19 Innføring av mobilhotell – til drøfting

FAU støtter innføring av mobilhotell for dei eldste. Elevrepresentantar er mot.

Vi er einige om at ein henter inn erfaringer frå andre skular før ein gjer dette.

Tas opp igjen på seinare møte med eventuelt tanke på oppstart neste skuleår.

20/19 Endring i rutine for samarbeid skule-heim – føring av fråvær i Visma – til drøfting

Visma kan erstatte SMS. Viktig at dei minste blir ivaretatt med ein telefon heim og eleven ikkje har komme.

21/19 Eventuelt.

Livegym – i kva grad blir det brukt?

Kva tenker elevane om Livegym

Saka følgast opp av rektor

Utvida tid for lys på skuleplassen – rektor sjekker mulighet for utvida tid med lys på plassen.

Med helsing

Magne Lædre
rektor

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Medlemmer av SU/SMU